
Fra: Helge Rambjør <helgerambjor@gmail.com>
Sendt: 11. april 2016 13:45
Til: Eilin Houlison Molvik; Postmottak Lindås
Emne: Klage på avslag på søknad om dispensasjon på bygging av vedhus - gbnr 121/5 Knarvik
Vedlegg: Oversending av avslag på søknad om dispensasjon til klagevurdering gbnr 1215(1).pdf; Søknad om dispensasjon for oppføring av vedhuscarport gbnr 1215 Knarvik (Lauvåssjø.pdf)

Hei

Her er kopi av klagen som eg sendte 23. mars. Dette var innanfor 3 vekers frist
Kvittering for mottak er sendt deg separate

Med helsing Helge Rambjør

----- Forwarded message -----

From: **Helge Rambjør** <helgerambjor@gmail.com>

Date: 2016-03-23 20:28 GMT+01:00

Subject: Klage på sak 16/5879, Avslag på søknad om dispensasjon på bygging av vedhus på gbnr 121/5 Knarvik Nord

To: Postmottak Lindås <postmottak@lindas.kommune.no>

Viser til denne sak og oversender hermed klage på dette avslaget.

Grunngjeving for klage: Eg fekk eit brev i haust frå kommunen om at plassering av vedhuset ikkje kom til å bli godkjent av landbrukshensyn. Etter at Landbrukskontoret i januar i år seier at dei har ingen merknader, så får eg nye grunngjevingar for avslaget frå administrasjonen i Lindås Kommune: Vedhuset er "svært synleg frå sjøen", vil bidra til privatisering av strandsona og vera til ulempe for almenne ferdsel- og friluftinteresser. Eg vil kommentera desse tre "ulempene":

1. "Svært synleg frå sjøen": Knarvikgarden er nabo til storindustrien på Mongstad, og dei som kjem med båt inn i Lauvåssjøen etter å ha passert ca 6000 mål med industriområde synes alle at Knarvik er ei vakker bygd med fine og velstelte gardar. Velstelt i den forstand at me heldt gjengroing i sjakk og gardane i drift. Det er urimeleg at dette no skal bli brukt i mot oss med at landskapet er "ope og sårbart", og at dermed vedhuset blir "svært eksponert". Eg meiner det første ein ser frå sjøen er dei grøne bakkane, nausta ved sjøen, løene og våningshusa, og deretter dei mindre husa, som feks eit lite vedhus som står tett i hovudhuset, malt i same farge. Det er urimeleg at det skal vera noko negativt med at dette vedhuset er synleg frå sjøen, men at det heller vil koma til å passa godt inn saman med dei andre husa i bygda. Me kan gjerne planta tre og buskar framfor vedhuset for å gjera det mindre synleg frå sjøen.
2. "Vedhuset vil bidra til privatisering av strandsona": Det planlagte vedhuset er tenkt plassert på ein plass rett framfor hovudhuset som for det meste vart planert på 80-talet då huset vart bygd. Frå denne plassen er det ein liten skråning nedover til ein over 150 år gamal gardsveg. Mellom denne vegen og sjøen er det eit breitt belte med fulldyrka eng i full drift. Å kalla dette for ei strandsone blir svært kunstig og heilt urimeleg.

3. "Vedhuset vil vera til ulempe for almenne ferdsel- og friluftinteresser".: Eg kan ikkje skjøna korleis det planlagte vedhuset, som er tenkt plassert tett i hovudhuset, på nokon som helst måte kan vera til ulempe for ferdsel- og friluftinteresser. Eg må då stilla spørsmål om adm. i kommunen kan gje meg eksempel på kva slags ferdsel og friluftsliv som skal foregå på plassen rett framfor bustadhuset mitt?

Eg vil minna om at hverken Landbrukskontoret eller naboar har merknader til plasseringa av vedhuset.

NB: Ordet carport er ved ein feil blitt brukt i søknaden. Eg gjer merksam på at dette ordet kun er ein teknisk beskrivelse av den eine halvparten av vedhuset, og har ikkje noko med bruken av vedhuset å gjera. Det skal ikkje brukast til bilparkering, men til tørking av ved og lagring av landbruksredskapar og likn.

Med venleg helsing Helge Rambjør, Knarvikgarden 61, 5955 Lindås, Gard nr 121, bruk nr 5

----- Videresendt e-post -----

Fra: **Eilin Houlison Molvik** <EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no>

Dato: torsdag 3. mars 2016

Emne: 16/5879 Oversending av avslag på søknad om dispensasjon til klagevurdering gbnr 121/5 Knarvik (Lauvåssjøen)

Til: "helgerambjor@gmail.com" <helgerambjor@gmail.com>

Sjå vedlegg

Med helsing

Eilin H. Molvik, rådgjevar

Ikkje send svar direkte på denne e-posten.

Svar eller førespurnadar rettast til: postmottak@lindas.kommune.no

Tenk miljø før du skriv ut denne e-posten.

Er meldinga motteke hjå feil adressat, ver venleg å slette den frå postsystemet.